



Inger Johanne Nilsen og Thomas Fjellsbø  
Svehaugane 1  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7603 - 14/28461

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
26.03.2015

## Utsleppsløyve - bustad gbnr 102/140 Vabø.

**Administrativt vedtak. Saknr: 106/15**

**Tiltakshavar:** Inger Johanne Nilsen og Thomas Fjellsbø  
**Ansvarleg søker:** Reknes Byggjevarer L/L  
**Type utslepp:** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve i samband med søknad om oppføring av bustad på gbnr 102/140 på Vabø. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac 5N før det reinsa avlaupet vert ført i tett leidning til bekk.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.11.2014.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål med spreidd bustadbygging. Delar av avlaupsanlegget, dvs avlaupsleidningar som går til bekk, ligg i område avsett til LNF-føremål. Tiltaket er følgjeleg avhengig av dispensasjon for å kunne godkjennast.

Det er søkt om dispensasjon i skriv mottatt 30.01.2015.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla som del av byggjesaka. Det ligg ikkje føre merknader.

#### Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 03.11.2014.



### **Reinseløysing**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget tilfredsstillir NS EN-12566-3. Omsøkte reinseløysing stettar krav til utsleppsstad i følsamt/normalt område, med brukarinteresser.

### **Privatrettslege tilhøve**

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gbnr 102/2. Det ligg føre tinglyst avtale med rett til å føra avlaupsrør over eigedomen og til å gjera vedlikehald, datert 27.10.2014.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-13. Naudsynt avtale ligg føre.

### **Vurdering etter naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova og finn at det omsøkte utsleppet ikkje kjem i konflikt med naturmangfaldlova og dei omsyna den skal ivareta. Det er heller ikkje kjend at det er andre særlege interesser i området som vert råka.

### **Godkjenning etter anna lovverk**

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1. Tiltaket vert handsama som ein del av søknad om løyve til oppføring av bustad.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Etablering av avlaupsreinseanlegget slik det er søkt om vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil derimot sikra ei forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande handtering av avlaupet frå eigedomen. Avlaupsleidningen vert delvis lagt i borehol og delvis lagt i nedgraven trase og terrenget skal reetablerast. Tiltaket vil såleis ikkje endra bruken av arealet.

Fordelane ved omsøkte tiltak vert vurdert å vera større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2. Dispensasjon vert gitt slik det er søkt om.

### **Utsleppsløyve**

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre med vilkår om at det vert sett krav til etterpolering (t.d. kum med lecakuler) før utslepp til bekk med heilårs vassføring.

## **VEDTAK**

### **DISPENSASJON**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) for etablering av avlaupsanlegg for gbnr 102/140 slik det er søkt om.**

### **UTSLEPPSLØYVE**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bustad på gbnr 102/140 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

1. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg med etterpolering før avlaupet vert ført til bekk med heilårs vassføring.
2. Anlegget skal plasserast slik vist på kart datert 03.11.2014.
3. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan vedlikehaldast og driftast av godkjend føretak.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### **Ferdigstilling**

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

### **GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.3	Dispensasjon	1	Kr 3 200,-
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 8 500,-

### **Klage over gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:14/7603.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Reknes Byggjevarer LL

Postboks 7310 5020  
Masfjordvegen 5986  
187

BERGEN  
HOSTELAND

**Mottakarar:**

Inger Johanne Nilsen og Thomas  
Fjellsbø

Svehaugane 1 5955

LINDÅS